



## ÅRSMELDING FRÅ STYRET I LEIKANGER JAKT- OG FISKELAG

Styret har vore samansett slik i 2003:

Leiar:	Svein Inge Lundheim
Nestleiar:	Per Ove Fossheim
Sekretær:	Ingen
Kasserar:	Kjell Erik Strand
Jaktutval:	Bjarne Sjøthun
Fiskeutval:	Øyvind Husabø
Leirduebaneutval:	Leif Arne Lingjerde
Ungdomsutval:	Hallvard Grinde
Hundeutval:	Kurt Langeteig

Det har vore 3 reine styremøte og ca. 10 planleggingsmøter om leirduebana på Kleppa.

Alle avtalar og godkjenningar er i orden vedrørande den nye leirduebana på Kleppa. Planane har vorte ein del reduserte p.g.a. reduksjon av Kommunen sitt tilskot til 235.000,-kr. Anlegget er no kostnadsrekna til 705.000,-kr. der fordelinga er 1/3 Kommunalt tilskot, 1/3 eigenandel/dugnad og 1/3 spelemidlar.

Det har vore 2 utsendingar på årsmøte til Sogn og Fjordane NJFF den 15. og 16. mars på Rika Sunnfjord Hotell.

Den 30.mars vart det arrangert isfiskedag på Dalavatnet i Sogndalsdalen, med Andor Orrastad som kjentmann. Sjølv om været ikkje var det beste, var det med 12 ivrige førstegangs-isfiskarar. Alle fekk fisk og dette gav meirsmak!

Det er innkjøpt isfiskebor på 150mm og 10 pilkestikker til 1500,-kr.

Laget fekk tildelt 1000,-kr. i kulturmidlar til innkjøp av isfiskeutstyr.

På synfaringa med Anna og Kåre Hamre på Vålamyra i juni, synte det seg at sjølve Vålavatnet har vorte nokså grunt p.g.a. slam og mudder frå elva og er nesten attgrodd av siv. Oppdemming av den nederste delen av Vålamyra er eit mulig tiltak. Det vart søkt om tilskot på 30.000,-kr. frå "Lokal agenda 21" (Fylkeskommunen) til oppdemming av Vålamyra, men fekk avslag.

Jaktskytingens-dag vart arrangert 16. og 17. august på 100meteren på Moene og på leirduebana. Det var eit godt tiltak som samla ca. 10 jegrar på kvar bane.

Jakt- og Fiskelaget hadde stend på "Fruktbare dagar" den 4. oktober på plenen ved Fylkesbygget. Lavvoen vart oppslepen på plenen i lag med 2 boder og eit leigetelt. Det var utdeling av kokekaffi koka på primus, grilla typer levert av Jarle Walsvik og grilla laks og hjort levert av Bjarne Sjøthun med potetsalat. Ellers var det utdeling av informasjon og div. effektar frå NJFF, og framsyning av div. utstyr som laget eig.

Vår Støttespelar i 2003 har vore Sogn Avis med gratis annonser for 12.000,- kr. eks.m.v.a.

Trastadalshytta har vorte brukt i 20 døgn i 2003, 7 av desse var på dugnad. Hytta fekk nytt isolert golv i sommar. Geir Ove og Vegard Røysum, Kjell Erik Strand og Svein Inge Lundheim utførte dugnadsarbeidet. Leikanger Kommune dekka utgiftene til materialane på ca. 10.000,-kr. og helikopter transport på ca. 3.250,-kr. vart dekka av Eltel Networks.

Kultivering/utsetting av fisk i Hovdavatnet har vorte utsett p.g.a. mangel på not.

I november hadde laget ein utsending på leiarkonferanse og vilt/fiskeseminar på Rica Sunnfjord Hotell.

Medlemstalet i Leikanger Jakt- og Fiskelag pr.31.12.2003 var 111, som er ein auke på 8 medlemar.

Sjå eigne årsmeldingar frå utvala!  
P.g.a. liten aktivitet i ungdomsutvalet er det ikkje skrive årsmelding.  
Leiaren i utvalet håpar på meir aktivitet i året som kjem.

Styret.



## ÅRSMELDING FRÅ LEIRDUEBANEUTVALET 2003

Utvalet har vore samansett slik:

Leiar:	Leif Arne Lingjerde
Medlem:	Odd Reksnes
Medlem:	Ove Jørgensen
Medlem:	Svein Inge Lundheim

Aktiviteten på leirduebana og deltaking på stemne har vore liten i år og. Bana har vore open for trening på onsdagar fra april til ferien og etter ferien og fram til jakten. Det vart arrangert nybyrjarkurs i hagleskyting med 3 deltagarar. Utvalet var med på avslutningen av jegerprøven, der 14 deltagarar vart fordelt over 2 kveldar.

"Indre Sogn Cup" vart i 2003 vunnen av Tore Bjørndal frå Askvoll&Holmedal med 96 treff. Det var med 17 skyttarar på Kleppa.

På landsdelsmeistarskapet i Samnanger var Nils Olav Langeteig med i finalen og enda på 3.plass i B-klassen med 72 treff. Emil Røysum Skartun var suvurent beste juniorskytta med 43 treff, 10 treff bedre enn nr.2.

Arrangerte "Jaktskytingens-dag" i august med ca. 10 jegrar.

Det var med 10 medlemmar på lagsmeistarskapet i jegertrap og leirduesti. I jegertrapen var det omskyting på 24 treff, mellom Odd Reksnes, Kurt Langeteig, Nils Olav Langeteig og Emil Røysum Skartun som bomma på siste skotet. Kurt Langeteig vart lagsmeistar etter omskyting, og fekk det 3. nappet i vandrepokalen. Kurt Langeteig vart også lagsmeistar i leirduesti med 23 treff.

Leirduebaneutvalet  
Leif Arne Lingjerde  
- leiar -



## Årsmelding Jaktutval LjF 2003

Jaktutvalet har vore samansett slik:

Leiar : Bjarne Sjøthun.

Medlem : Per Norstein.

Medlem : Per Olav Henjum

Medlem : Øyvind Njøs.

Det var óg i år ein god oppslutnad om jegerprøven. I alt var det 15 påmelde.

Denne gongen var det seks instruktørar som gjorde ein kjempejobb under leiing av Per Norstein.

Representantar frå jaktutvalet deltok under den praktiske delen.

Me må óg i år få takka dei for jobben dei gjer vederlagsfritt.

I vår vart det forsøkt å organisere ein studiering rundt boka "Målrettet Hjorteforvaltning", og det vart sendt rundt innbydelse til alle vald i kommunen.

Grunna for få påmelde vart dette ikkje noko av, men vi skal prøva til att no i vinter.

Me fekk starta opp med premierung for største reven og flestår. Det vart sett opp vandrepokalar i begge klassar. Pokalane må vinnast 3 gonger. Gåvepremiar på kr 750 vart trekte ut blant jegerane. Dette er ei ordning Leikanger Jakt og Fiskelag og Grunneigarlaget driv i lag.

Vinnarane i år vart Harry Eggum for flestår, og Bjarne Sjøthun for største reven.

Også i år var 3 representantar med under avviklinga av storviltprøven.

Jaktutvalet stiller óg neste år med 3 representantar.

Kontakten med kommunen er fortsatt like god etter at Hans Kr. Dolmen slutta. Det er no Sigrunn Kvåle på landbrukskontoret som står for hjorteforvaltningen.

Jaktskytingens dag vart arrangert på skytebana den 16. August. Der vart det skote på forskjellige dyrefigurar på ulike hold, og dei oppmøtte vart servert kaffi og kaker. Oppmøtet kunne ha vore betre, men me får håpa det vert fleire til neste år.

For Jaktutvalet

Bjarne Sjøthun.



## LEIKANGER JAKT- OG FISKELAG

5

### ÅRSMELDING 2003 – HUNDEUTVALET.

Hundeutvalet er samansett slik:

Kurt Langeteig – leiar  
Bjørn Monsen – medlem  
Anne Katrin Bøyum – medlem  
Bjørn Fjøsne – medlem

Hundeutvalet har hatt 1 møte i år.

#### Aktivitetar:

Det har vore gjennomført bruk av elektrisk halsband på hund mot sau i vår og i haust.  
Tilsaman 10 påmeldte hundar.

Det vart arrangert tur for eigarar av fuglehundar frå Hodlekve til Leikanger i vinter.

Vi gratulerer Bjørn Monsen og engelsk setter Øyers Roy med svært gode resultat på jaktprøvane:

1x1 VK m/CK Finale	-Filefjell
1x1 VK -	Mjølfjell
1x3 VK -	Filefjell
1x4 VK -	Gaularfjell
1x5 VK	Kongsvoll
1x6 VK Semifinale -	Kongsvoll

## Årsmelding for fiskeutvalet LJF

Fiskeutvalet var samansett slik: Per Sivert Nesdal  
Jan Magne Vigdal  
Jermund Høgheim  
**Øyvind Husabø (formann)**

Vårsprellen vart arrangert 2.pinsedag 2003 på hanahaug. Det var 20 deltagarar fordelt på 4 klassar.

-Vandrepokalen gjekk til Odvar Stærri med størst fisk: ein lyr på 2kg.  
Dei andre klasse vinnarane var: HERRE; Odvar Stærri med 11205g  
DAMER; Anja Hamre med 640g  
BARN; Magnar Stærri med 5264g  
FAM; Fossheim med 3370g

Fiskekonkuransen på Fjærlandsete vart arrangert av Magne Optun og Steinar Husum.

-Carl Aal vann med størst fisk, ein aure på 898g.  
Håkon Dyrkolbotn tok napp i vandre pokalen "flugefiskaren" for 2. gang  
Dei andre klasse vinnarane var: HERRE; Ivar Næss med 18stk.  
BARN; Ørjan Kongsvik Aal med 2stk

Det var sosialt samvere på summehaug om kvelden.

Fiskeutvalet har vore på synfaring med Kåre Hamre, anngåande eitt kultiverings tiltak av "Vålavatnet". Han stiller seg positiv til dette, men "Vålavatnet" viser seg og vera i svært dårlig forfatning.

# LEIKANGER JAKT- OG FISKELAG REKNESKAPEN 2003

## UTGIFTER

Gebyr	63,00	✓
Krinskontigent	1350,00	✓
Forbundskontigent	500,00	✓
Kurs/møte	9902,00	✓
Kioskvarer	425,10	✓
Kjøp premiar	4557,50	✓
Kontorutstyr/rekvisita	6627,22	✓
Kjøp skot/duer	11016,00	✓
Baneleige	1058,00	✓
Trastadalshytta	2776,80	✓
Abonn. skyttarnytt	400,00	✓
Fiskekonkurranse Fjærlandsæte	706,00	✓
Sjøfiskekonkurranse	1546,00	✓
NM-deltaking	1450,00	✓
Jegerprøve	6465,00	✓
"Skolestang"	0	✓
Fiskeutstyr	1502,00	✓
Skotpremie	540,00	✓
<b>Sum</b>	<b>50884,62</b>	

## INNTEKTER

Renteinntekter	64,00	
Inntekter trening/stemme	18185,00	✓
NM-deltaking	1450,00	✓
Sponsorintekter	0	
Kontigentinnkreving	4980,00	✓
Leigeinntekt Trastadalshytta	975,00	✓
Jegerprøve	16010,00	✓
Fiskekonkurranse Fjærlandsete	860,00	✓
Sjøfiskekonkurranse	935,00	✓
"Skolestang"	2150,00	✓
Kulturmidlar	1000,00	✓
Elektrisk dressurhalsband	2850,00	✓
Kjøp premiar	1033,75	✓
Kontorutstyr/rekvisita	2179,00	✓
<b>Sum</b>	<b>52671,75</b>	

OVERSOKT: 1.787,13

## AKTIVA PR. 31.12.2003:

SPAREBANKEN SOGN OG FJORDANE	52.879,04	
SKOT - DUER- PREMIAR M.M.	16.735,00	
BYGG ANLEGG	10.700,00	
LEIRDUEKASTAR M/UTSTYR	15.000,00	
TØMMER/MATERIALAR	40 000,00	
VIDEOSPELAR/OVERHEAD/STATIV	7.600,00	
<b>SUM AKTIVA</b>	<b>142.914,04</b>	

Hermansverk 13.02.2004  
Kjell Erik Strand

*Kjell Erik Strand*

*Rekneskapen er revisert  
og funnen i orden  
21.02.04*

*Hjelgåthi Sætre Fossne*

# Styret i Leikanger Jakt- og Fiskelag 2003

Forklaring: A = på val 2004 B = ikke på val 2004

## Styret:

Kategori:	Verv:	Namn:	Forslag :	Telefonnr. :
B	Leiar	Svein Inge Lundheim		90605267
A	Nestleiar	Per Ove Fossheim	att val	97570583
A	Kasserar	Kjell Erik Strand	Håkon Nesje	57653024
A 1 år	Sekretær		Per Ove Fossheim	97570583
B	Varamedl.	Per Norstein		48182680

## Jaktutval:

A	Leiar	Bjarne Sjøthun	att val	90957245
A	Medlem	Per Olav Henjum	att val	91333305
B	Medlem	Per Norstein		48182680
B	Medlem	Øyvind Njøs		57654002

## Fiskeutval:

B	Leiar	Øyvind Husabø		95112936
A	Medlem	Jan Magne Vigdal	att val	95707144
B	Medlem	Jermund Høgheim		57654038
A	Medlem	Per Sivert Nesdal	att val	90770945

## Leirduebaneutval:

A	Leiar	Leif Arne Lingjerde	att val	91176689
A	Medlem	Odd Reksnes	att val	95758559
B	Medlem	Svein Inge Lundheim		90605267
B	Medlem	Ove Jørgensen		91366541

## Ungdomsutval:

B	Leiar	Hallvard Grinde		57653860
B	Medlem	Arve Yttri		97096865
A	Medlem	Ingar Husabø	att val	95709825
A	Medlem	Vidar Jacobsen	Sverre Fjøsne	57653156

## Hundeutval:

B	Leiar	Kurt Langeteig		95089899
B	Medlem	Bjørn Monsen		90590848
A	Medlem	Anne Katrin Bøyum	att val	90564569
A	Medlem	Bjørn Fjøsne	att val	57653974

## Revisor:

A		Sverre Fossen	att val	57653329
B		Inge Yttri		57653331

## Valkomite:

B	Leiar	Per Sivert Nesdal		90770945
A	Medlem	Øyvind Husabø	att val	95112936
A	Medlem		Bjørn Monsen	90590848

# REFERAT FRÅ ÅRSMØTE I LEIKANGER JAKT- OG FISKELAG

Fjordkroa fredag 27. februar 2004, kl 20:00- 22:00

**Til stades:** Ronny Rydningen, Øyvind Husabø, Jan Magne Vigdal, Leif Frækaland, Bjarne Sjøthun, Øyvind Njøs, Malen Røysum, Emil Røysum Skartun, Ivar Fagerheim, Bjørn Monsen, Bjørn Fjøsne, Per Olav Henjum, Sverre Fjøsne, Kurt Langeteig, Kjell Erik Strand, Per Sivert Nesdal og Svein Inge Lundheim.

**Gjest:** Svein Arne Forfod fagleiar fisk i Sogn og Fjordane NJFF.

Sakliste:

## 1. Godkjenning av møteinnkalling.

*Innkallinga vart godkjent. utan merknad.*

## 2. Val av møteleiar og skrivar.

*Svein Inge Lundheim vart vald til møteleiar og Kjell Erik Strand til skrivar.*

## 3. Val av 2 personar til å skrive under møteboka.

*Kurt Langeteig og Bjarne Sjøthun vart valde til å skrive under møteboka.*

## 4. Årsmeldingar.

Leiaren av jakt- og fiskelaget gjekk gjennom årsmeldinga frå styret og utvalsleiarane som var til stades på årsmøtet, gjekk gjennom sine respektive årsmeldingar.

*Årsmeldingane vart godkjente med små merknader.*

Ungdomsutvalet hadde ikkje levert inn årsmelding til årsmøtet p.g.a. liten aktivitet.

*Vedtak: Styret vart pålagde å fylja opp aktiviteten i utvala bedre for å unngå dette seinare.*

## 5. Rekneskap.

Kasseraen la fram rekneskapet som viste overskot på kr.1787,-

*Rekneskapet vart godkjent uten merknader.*

## 6. Val.

**Styret:**

Nestleiar: Per Ove Fossheim vart attvald som nestleiar.

Kasserar: Kjell Erik Strand hadde sagt frå seg attval, men det hadde ikkje lukkast valnemnda å få på plass ny kandidat.

*Vedtak: Styret får fullmakt til å få på plass ny kasserar innan 1. april i år.*

**11.mars fekk styret ja fra Håkon Nesse om å verta kasserar i laget!**

Sekretær: Styret har for tida ingen sekretær.

*Vedtak: Styret ser på sekretærfunksjonen fram til neste årsmøte. I mellomtida fungerer nestleiar som sekretær.*

**Jaktutval:**

*Bjarne Sjøthun vart attvald som leiar og Per Olav Henjum attvald som medlem.*

**Fiskeutval:**

*Jan Magne Vigdal og Per Sivert Nesdal vart attvalde som medlemer.*

**Leirduebaneutval:**

*Leif Arne Lingjerde vart attvald som leiar og Odd Reksnes attvald som medlem.*

**Ungdomsutval:**

*Ingår Husabø vart attvald som medlem og Sverre Fjøsne vart vald inn som ny medlem.*

**Hundeutval:**

Anne Katrin Bøyum og Bjørn Fjøsne vart attvalde som medlemer.

**Revisor:**

Sverre Fossen vart attvald som revisor.

**Valkomite:**

Øyvind Husabø vart attvald som medlem og Bjørn Monsen vart vald inn som ny medlem.

**7. Orientering om opprusting av leirduebana på Kleppa.**

Svein Inge Lundheim orienterte om planane for opprusting av leirduebana på Kleppa.

Kostnadene er redusert i høve til tidlegare planar.

Leikanger kommune har gjeve tilsagn om kr. 235.000 og det er søkt om spelemidlar for eit tilsvarte beløp. Den siste tredjeparten skal dekkast av dugnadsinnsats og rabattar. Svar på søknad om spelemidlar er venta i månadskiftet mai/juni.

**8. Aktivitetar i 2004.**

Styre og dei ulike utvala la fram plan for aktivitetar for 2004.

Stend på "Fruktbare dagar", produksjon og montering av stiskilt, dugnad på Trastadalshytta og dugnad på leirduebana om me får spelemidlar.

Jaktutvalet: Jaktprøve, jegerprøvekurs, parteringskurs, "jaktskytingens" dag.

Fiskeutvalet: Isfiske på Dalavatnet 28. mars, "Vårsprellen" 2. pinsedag, fiskekonurranse på Fjærlandsete, eventuelt prøvefiske i Hovdavatnet og utsetjing av fisk, skulestangprosjekt.

Leirduebaneutvalet: Jegerprøven, treningar på leirduebana, nybyrjarkurs i hagtskyting,

Indre Sogn Cup 50 skot, FM jegertrap 50 skot, jegertrening, eventuell duell med skyttarlaget, lagsmeisterskap i jegertrap og leiruesti.

Hundeutvalet: Elektrisk halsband, fjelltur for eigalar av fuglehund, blodsporstrening for ettersøkshund, stell og klipp av hund.

**9. Informasjon.**

Leiar delte ut ei påskjønning på 15 treningsseriar på leirduebana til Emil Røysum Skartun for mange gode skyteresultat på leirduebana i 2003 sesongen. Blant anna vart han beste juniorskytta på landsdelsmeistarskapet i Samnanger.

Avtroppande kasserar, Kjell Erik Strand fekk eit krus som takk for lang og tru teneste i styret i Leikanger Jakt- og Fiskelag. Han har vore 4 år som nestleiar og 8 år som kasserar.

**10. Innkomne saker.**

Det var ikkje motteke innkomne saker til årsmøtet.

Det kom forslag på årsmøtet om at årsmøtereferat vert sendt ut til alle medlemer sjølv om det ligg tilgjengeleg på internettadressa: <http://home.no.net/leikjfl/>

*Årsmøtet gjorde vedtak om at referat frå årsmøtet vert sendt ut på papir til alle medlemer og styret syter for innbinding og utsending av årsmelding for ettertida.*

**11. Fagleg innsalg om fiskekultivering ved fagleiar fisk i NJFF Sogn og Fjordane, Svein Arne Forfod.**

Svein Arne Forfod heldt eit interessant foredrag om kultivering av fisk. Han viste mellom anna fleire døme på enkle tiltak for å betre gytetilhøva. Han kjem gjerne tilbake med praktisk rettleiing dersom det vert aktuelt med fiskekultiveringstiltak.

Avslutning med servering av taco.

Kjell Erik Strand  
----skrivar-----

Bjørne Sjøhun dikt Lang et. g